

AVTALE OM LEIGE AV 2 KLASSEROM I SEKSJON 3 I SAMEIGET SKAKKE – SENTER FOR SKULE, IDRETT OG KULTUR

1. UTLEIGAR

Hordaland fylkeskommune, org.nr. 936 626 367
Postboks 7900
5020 Bergen

2. LEIGETAKAR

Etne kommune, org.nr. 959 435 375
Sjoarvegen 2
5590 Etne

3. LEIGEOBJEKT

- (1) Avtalen gjeld leige av 2 klasserom i 1. etasje i seksjon 3 til bruk for elevar ved Enge skule i Etne medan skulen vert bygd om. Elevane har i tillegg rett til bruk av korridor. Sjå vedlagte teikning.
- (2) Leigetakar leiger lokala i den stand dei er i ved oppstart av leigeavtalen.

4. BRUK AV LOKALA

- (1) Leigetakar skal ha uhindra tilgang til dei leigde lokala innafor leigetida.
- (2) Leigetakar pliktar å handsame leigeobjektet med tilbørleg aktsemd og elles i samsvar med avtalen.
- (3) Leigetakar pliktar å følgje vanlege ordensreglar og rimelege påbod frå utleigar.
- (4) Leigetakar kan ikkje gjere endringar i leigeobjektet utan at utleigar har godkjent dette.
- (5) Eventuelle skadar som skuldast leigetakar eller personar leigetakar har ansvar for, og som ikkje kjem av normal slitasje, skal erstattast av leigetakar.

5. LEIGETID

- (1) Leigetida startar 01.08.2017 og varar fram til 31.07.2019.
- (2) Leigetakar har rett til å forlenge leigeavtalen på same vilkår med 1 + 1 år.
- (3) Begge partar har rett til å seie opp avtalen med frist på 6 månader.

6. LEIGESUM

- (1) Årsleiga utgjer kr 120.000,- eks.mva. Leiga inkluderer leigetakar sin del av kostnader til drift, straum, tilsyn, administrasjon mv. Fellesareal er ikkje medrekna.
- (2) Leigetakar sørger for og kostar indre vedlikehald samt reinhald av dei to klasseromma og korridor.
- (3) Leiga forfell til betaling på førehand den 1. i kvart kvartal med kr 30.000,- eks.mva.

7. LEIGEREGULERING

- (1) Utleigar kan regulere leiga kvar 1. januar, første gong med verknad frå 01.01.2019, ut frå endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.

- (2) Opprinneleg kontraktsindeks er indeksen for mai 2017. Leigeregulering vert gjort med framtidig verknad basert på utviklinga frå opprinneleg kontraktsindeks til indeks pr. november året før tidspunktet for regulering.

8. VEDLIKEHALD

- (1) Utleigar sørger for og kostar alt utvendig vedlikehald.
(2) Utleigar skal sørge for at leigeobjektet er i samsvar med gjeldande offentlegrettslege krav for leigeobjektet.

9. FORSIKRING

- (1) Kvar av partane held sine eigedelar / interesser forsikra. Leigetakar har rett til å stå som sjølvassurandør.

10. BRANN / DESTRUKSJON

- (1) Blir leigeobjektet øydelagt ved brann eller annan hendeleg hending, kan begge partar erklære seg fri frå alle retter og pliktar under leigeavtalen.

11. OPPSEIING VED MISLEGHALD

- (1) Dersom leigetakar ikkje betalar leige etter påkrav frå utleigar eller på andre måtar mislegheld sine plikter etter denne avtalen, kan utleigar seie opp avtalen med 3 månaders skriftleg varsel.

12. FRÅFLYTTING

- (1) Leigetakar skal ved fråflytting levere leigeobjektet tilbake i rydda stand, og i same stand som då avtalen vart inngått, med fråtrekk for normal slit og elde.
(2) Seinast siste dag av leigeforholdet skal leigetakar fjerne alle sine eigedelar.

13. HUSLEIGELOVA

- (1) Husleigelova gjeld i den utstrekning denne avtalen ikkje regulerer forholdet.

14. TVISTAR

- (1) Eventuelle tvistar skal søkast løyst ved forhandlingar mellom partane. Om ein ikkje vert samde kan tvisten bringes inn for eigedomens verneting.

15. SIGNERING


Bergen, den 30.06.17


Hordaland fylkeskommune

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
EIGEDOMSAVDELINGA

Etne, den 01.08.17


Etne kommune
RÅDMANNEN



1 ETG	
Seksjon 1	1541,2 m ²
Seksjon 2	482,1 m ²
Seksjon 3	367,3 m ²
Fellesareal	653,8 m ²